Skulereglar for Tryggheim ungdomsskule

Heimel:

Skulereglane er fastsett av **styret på Tryggheim skular 27.05.2025** med heimel i lov av 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7 og lov av 4.juli 2003 nr 84 om privatskular med rett til statstilskot § 5A-7.

§ 1. Føremål

Føremålet med skulereglene er å bidra til å skapa læring, tryggleik, trivsel, respekt og toleranse. Reglane skal fremja god orden og gode arbeidsvanar og leggja til rette for eit godt læringsmiljø. Reglane gir bestemmingar om elevane sine rettar og plikter, orden og åtferd, tiltak når reglane blir brotne og saksbehandling ved tiltak.

Reglene skal leggja til rette for eit skuledemokrati der elevar og foreldre får vera med på å planleggja, gjennomføra og vurdera verksemda til skulen.

Gud Ord og kristen etikk er grunnlag for norm og for liv og arbeid i skulen. Me forventar at alle elevar deltek aktivt med å byggja opp eit triveleg og godt miljø ved skulen både gjennom åtferd, orden i arbeid og sosiale aktivitetar.

§ 2. Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle elevar ved skulen i undervisningstida, i fritida på skulen og ved arrangement utanfor skulen si leiing og ansvar – inkludert leirskule og andre turar utanfor skulen sitt område.

Når det gjeld mobbing eller andre krenkingar, kan grensene mellom skule og fritid bli viska ut. Sjølv om krenking og mobbing skjer utanfor skuleområdet og utanfor skuletida, vil skulereglane kome til bruk i tilfelle der det er tilknyting til skulen og skulemiljøet. Dette gjeld mellom anna i situasjonar der elevar krenkar kvarandre utanom skuletid og der dette fører til at dei ikkje har det trygt og godt på skulen.

§ 3 Elevane sine rettar og pliktar

I alle sakar som blir behandla etter desse reglane, skal omsynet til elevane sitt beste vera eit grunnleggjande prinsipp.

Elevane har rett på opplæring, hjelp og rettleiing i samsvar med dei bestemmingar som gjeld for skuleslaget til ei kvar tid.

Elevane skal vera aktivt med i opplæringa og fylgje skulereglane.

Elevane har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Dette fører med seg at eleven, i samarbeid med skulen, har plikt til å vera med på å skapa eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Reglar for bruk av mobiltelefon og digitalt utstyr

Når du kjem på skulen skal mobilen låsast inn i mobilhotellet i klasserommet. Mobiltelefon tek ein med på eige ansvar. Telefonen skal vera skrudd på lydlaus eller heilt av.

Dersom ein elev bruker mobil eller anna digitalt utstyr kan dette blir tatt inn for dagen.

§4. Organisering av skuledemokrati

Skuledemokratiet er det kollektive samarbeidet mellom elevane, foreldra og skulen. Skulen skal sørga for at elevane og foreldra får vera med på å planleggja, gjennomføra og vurdera verksemda til skulen, blant anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutviklinga i opplæringa og fastsetjinga av skulereglane

Det skal vera eit elevråd som er vald av elevane på 8. – 10. trinn. Det blir vald ein fast og ein vararepresentant frå kvar klasse på skulen. Elevrådet skal fremja felles interessene til elevane på skulen og skal arbeida for å

skapa eit godt lærings og skulemiljø. Elevrådet skal kunne uttale seg i, og koma med forslag til saker som gjeld elevane. Elevrådet vel ein representant som har rett til å møta i skulestyret, få sei si meining og få protokollført det.

Elevrådet har og ein representant i AMU på Tryggheim skular. Der er representanten med på vernerunden og på nokon av møta i AMU.

Skulen har eit foreldreråd der alle som har ungdommar på skulen, er medlemmar. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval- FAU. FAU er samansett av 2 representantar frå kvart trinn som møter fast i FAU. I tillegg er det og ein vararepresentant frå kvart trinn. Vararepresentantane møter berre dersom ein av dei faste melder forfall.

FAU vel ein representant som har rett til å møte i skulestyret, få sei si meining og få protokollført det.

§ 5. *Orden*

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å

- Møta presist på skulen og til undervisninga (Fråvær over 20 minutt blir rekna som fråvær frå enkelttime).
- delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag for å vurdera elevane sin kompetanse i faget og vera førebudd til timar og avtalar.
- Ha skulesakene i orden og ha med nødvendige læremiddel og utstyr(til dømes kroppsøvingsklede, skrivesaker og PC som er lada opp).
- Gjera skulearbeidet, inkludert lekser, til rett tid og vera klar for vurdering til oppsett tidsfrist.
- Halda klasserommet i orden, delta i rydding av undervisningslokala og uteområda.

§ 6. *Åtferd*

Åtferd heng saman med om elevane viser omsyn og respekt for andre. Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- Visa respekt og vera høfleg overfor medelevar og dei tilsette på skulen.
- Ta ansvar for at det er arbeidsro på skulen og ikkje forstyrra læringa for seg sjølv og andre.

- Ikkje banna eller bruka anna grovt språk.
- Respektera kvarandre og ikkje mobba eller på andre måtar krenka kvarandre fysisk, verbalt eller digitalt.
- Spør andre om det er greitt før du tek bilete, film eller gjer lydopptak av dei. Det er ikkje tillate å ta bilete, film eller lydopptak av nokon som er under 13 år, utanom i undervisningssamanheng.
- Bruka skulen sitt datautstyr og digitale løysingar berre til skulearbeid.
- Ikkje bruka mobil og anna digitalt utstyr i skuletida, dersom anna ikkje er avtalt med skulen.
- Ikkje vera valdeleg eller kome med trugsmål
- Ta vare på skulen sitt utstyr, bygningar og læremateriell og leggja tilbake på rett plass etter bruk.
- Ta vare på dine og andre sine personlege eigedelar (verdisaker/ pengar tek ein med på eige ansvar).
- Ikkje eta snop, drikka brus eller liknande utan særskild avtale
- Å ikkje drikka energidrikk.
- Ikkje røykja eller bruka el-sigarettar, snusa eller vera påverka av rusmiddel.
- Snakka sant og stå for sine handlingar.
- Ikkje knuffa mot kvarandre, korkje inne eller ute.
- Ikkje ha med farlege gjenstandar, som t.d. fyrverkeri, kniv eller andre våpen på skulen sitt område.
- Ikkje fuska eller prøva å fuska på prøver eller innleveringar
- Å delta i undervisning, andaktar, og skulen sine fellesaktivitetar heile skuledagen (Privatskulelova § 3-12).
- Å ikkje bruka hovudplagg inne. Hovudplagg med grunnlag i eigen religion er tillate.
- Det er ikkje lov å gå utanfor skulen sitt område, utan avtale.

§ 7. Tiltak ved brot på skulereglane

- Eleven kan få tilsnakk av lærar eller andre tilsette ved skulen.
- Skulen kan senda skriftleg eller munnleg melding til føresette
- Eleven må ringja heim til foreldra og gjera greie for kva han eller ho har gjort.

- Eleven kan påleggjast å vera med på samtale med skulen si leiing, kontaktlærar/sosiallærar evt. andre tilsette/vaksne ved skulen og/eller dei involverte partar.
- Skulen kan inngå ulike forpliktande avtalar med eleven, til dømes:
- Eleven sine pausar/friminutt kan bli særskilt regulerte
- Eleven kan flyttast frå klasse / gruppe til ei anna gruppe, eller gjera oppgåver utanfor si eiga gruppe.
- Eleven kan påleggjast å vera på skulen før/etter skuletid for å trygga andre elevar eller for å ta igjen tapt arbeid
- Eleven kan måtte reparera, rydda eller vaska etter seg.
- Gjenstandar som forstyrrar arbeidet og elevane sitt utbytte av opplæringa, kan ein ta inn for resten av dagen.
- Snus, tobakk og alkohol som blir teke frå elevar, kan hentast på skulen av foreldra innan ei veke. Det same gjeld gjenstandar som t.d. kniv eller lighter.
- Ulovlege gjenstandar og ulovlege rusmiddel som t.d. våpen og narkotika skal overlatast til politiet.

Eleven sine føresette kan haldast erstatningsansvarleg etter skadeerstatningslova §1-2

- Ved alvorlege brot på reglane, kan skulen melda saka til politiet. Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, kan leiar be politiet om hjelp. Føresette til elevane skal, dersom det er mogleg, varslast munnleg når det blir teke kontakt med politiet.
- Skade på skulen sin eigedom vil kunne verta meld til politiet.
- Straffbare forhold mot person vert som hovudregel melde av den som er utsett for forholdet – den som er fornærma.

Utvising

- Ein elev kan ikkje utvisast dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Utvising nyttar ein berre ved alvorlege eller gjentekne brot på reglane.
- Leiar vedtek utvising etter å ha rådført seg med skulen sine tilsette og etter at eleven har fått høve til å uttale seg.
- Faglærar kan utvisa ein elev i inntil to klokketimar frå eigen opplæringsøkt som læraren sjølv har ansvaret for.

- Leiar kan utvisa elevar frå undervisninga i opptil tre dagar. Før eleven blir sendt heim, skal føresette varslast.

Skulebytte

- I særlege tilfelle kan det, dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det, vera eit tiltak å tilbakeføra eleven til offentleg skule. I slike tilfelle fremjar styret ved Tryggheim skular saka for heimkommunen og heimkommunen fattar eventuelt eit vedtak om tilbakeføring.

Generelt om sanksjonar

Nedsetjing av karakter i orden og/eller åtferd

- Når ein elev blir vurdert i orden og i åtferd, skal ein føreta ei vurdering av eleven opp mot reglane over ein lengre tidsperiode.
- Eleven og foreldre/føresette har rett på skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven får mindre enn god i orden eller i åtferd.
- Alle brot på skulen sitt reglement kan bli notert og vera grunnlag for vurdering i orden og åtferd (Merknad).
- Ved fastsetjing av karakter i orden og/ eller åtferd skal ein ikkje leggja avgjerande vekt på enkelthendingar. Unntaket er ved særleg klanderverdige eller grove enkelthendingar.
- Alle sanksjonar skal vera slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagera på dette. Det skal alltid vera samsvar mellom eleven si åtferd og skulen sine sanksjonar. Skulen si vurdering av kor alvorleg hendinga er, skal liggja til grunn for sanksjonen i kvart einskilt tilfelle. Tiltak bør koma så nær regelbrot i tid som mogleg.
- Fysisk refsing og anna krenkjande behandling skal ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje arbeid i samband med rydding, vask og /eller reperasjonar etter seg sjølv eller andre.
- Det er ikkje høve til å nytta kollektiv straff for ei gruppe elevar for handlingar utført av einskildmedlemmar. Elevar pliktar å overhalda pålagde sanksjonar. Om det ikkje skjer kan det føra til nye sanksjonar.
- Når det i akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skada seg sjølv eller andre, vil det vera naudsynt å stansa eleven, eventuelt skilja eleven frå resten av gruppa og plassera eleven i eit eige rom med tilsyn for ein kortare periode. Når eit slikt tiltak blir gjort skal leiar og

foreldra varslast straks. Skulen må dokumentera slike tiltak i elevmappa.

§ 8. Rettane til elevane

- Eleven har rett til å uttale/forklare seg for den som avgjer tiltak.
- Før tiltak som eleven har klagerett på blir sett i verk, skal skulen vurdere andre og mildare tiltak
- Eleven har rett til skriftleg grunngjeving av tiltak som han/ho har klagerett på.
- Eleven har rett til opplysningar om klagerett og klagefristar.
- Eleven har rett til å ha med føresette eller ein annan person i møte med leiar

§9 *Rettskraft*

Skulereglane trer i kraft 1. august 2025.